



Til stades:	Anne Kristin Haugen (leiar FAU), Mona Ekse Lien (SMU representant), Julie Syversen Flaget (lærer), Liv Mette Buseth (andre tilsette), Mariann Haugen (lærer), Sanna Mortensdatter Søndrol (elevrådsleiar), Vemund Føleide Storhaug (nestleiar elevrådet) og Ellen Ellingsgard (rektor/sekretær)
Fråverande:	Sigrun Jorde (avd.leiar), Eldbjørg Nedrestøl (politikar) og Morten Slettemoen (FAU-rep)
Møtegruppe:	SU/SMU (Samarbeidsutval og skulemiljøutval)
Møtestad:	Klasserom på Nedre-Ål skule (til venstre før pers.avd.)
Møtetid:	Onsdag 21.01.26, kl. 19.00 - 20.30

Referat frå SU/SMU-møte på Nedre-Ål skule.

Sak 01/26 Godkjenning av innkalling og agenda

Godkjent

Sak 02/26 Godkjenning av referat

Godkjent

Sak 03/26: Samhandling Kulturhuset – Margit Åsarmoen og Hilde Bjørnsvik er inviterte til denne saka. Saka utgår på grunn av sjukdom.

Sak 04/26: Elevrådet har ordet

Elevrådet har jobba vidare med desse sakene sidan sist møte:

Aktivitetsplan for kva hyggelege ting me skal arrangere for elevane på skulen:

Karneval for småtrinnet 05.03.26

Disko for 4.-7.trinn - Fredag før påskeferien – dei to siste timane - Pizza frå FAU - Godtpose

Temaveka første veka i mai – blir bestemt på neste elevrådsmøte

Elevrådet treng hjelp av FAU til å bake pizza til diskofest fredag før påske. Antal og type kjem me attende til.



Elevrådet har og sett på reglane rundt fotballbanen og leikeapparat. Ny organisering på fotballbana ei periode framover: fordeling av tider på trinn. Dette fordi det då blir litt lettare å følgje reglar.

Sak 05/26: Informasjon frå FAU

- Smarttelefonfri barndom.
 - Mange skuler i heile Noreg – alle fylker er representert – felles vedtak om ikkje å ha smarttlf . før 8.trinn. Støtte for å si nei til smarttelefon. Skal takast opp på trinnforeldremøtene no i vår.
- Ønske om ikkje å ha med læringsbrett og PC heim.
- Skuletoppen – uoversiktleg og vanskelegare etter at ordninga blei slik som no – evaluering? Rektor høyrer med kommuna om dette skal evaluserast.

Sak 06/26: Informasjon v/rektor

- Skulemiljøet: elevundersøkinga på 7.trinn synar høg trivsel, veldig god støtte frå lærarar og heimane – godt res på felles reglar, høg meistring, litt å gå på mtp fagleg utfordring og elevmedverknad. Blir gjennomgått og arbeidd med på trinnet.
- God ro inne og fin leik ute. Litt knuffing på fotballbana – men løyst ved solide vaksne ute der.
- Skulen har hatt besøk av danske lærarar for å sjå på matteundervisninga vår. Dei var på observasjon på ulike trinn å observere mattetimar. Skulen fekk veldig god tilbakemelding frå dei. Lærarane skrøyt av arbeidsmiljøet, korleis dei vart mottatt hos , og ikkje minst måten heile kollegiet jobbar med elevane på; inkluderande og med omsorg. Dei beskreiv ein mykje rolegare stemning enn det dei er vant til frå Danmark.
- Ny klassetrivselundersøking for alle skal takast – ikkje anonym undersøking - innan veke 12
- Nye rom som snart er i bruk: bibliotek og naturfag/teiknerom
- Kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun sende førre veke eit brev til alle skuleeigarar i Noreg med bodskap om å beskytte elevar mot skadeleg innhald på nettet. I samband med dei nye råda og nasjonale anbefalingar knytt til førehandsgodkjenning av læringsressursar og nettsider, blir ikkje nettbrett eller PC sendt heim for digitale lekser på 1.–7. trinn i Ål kommune. I Ål kommune vil vi halde fram med opplæringa av digitale ferdigheiter i skuletida og halde fokus på viktigheita av digital dømmekraft.

Sak 07/26: Evt.

- Ingen saker

Ellen Ellingsgard

Ref.